

Kvenfolket i litteraturen vår

Av Reidun Mellem

Når vi bruker ordet kven, så tenker vi gjerne på etterkommarane av innvandrarane fra finskspråklig område - dei som kom inn på 1700- og 1800-tallet. Men representantar for kvenfolket hadde vore i landet her lenge før det - i landet her og i litteraturen her. Vi kan starte med høvdingen Ottar - som gjesta kong Alfred av England eingong i 890-åra - altså for omlag 1100 år siden. Der fortalte han om kvenland og om kvenane - som «stundom kjem over vidda og herjar hos nordmennene, og stundom herjar nordmennene hos dei.» (Nils M. Knutsen: «Mørkets og kuldens rike» s. 15)

Egil Skallagrims saga fortel om forhold på 900-tallet - og der hører vi om Torolf Kveldulfson som under ei Finnmarks-ferd blir budsendt av kvenkongen - om å komme dit og hjelpe han mot karelarane som herja i landet. Denne hjelpa gir han saman med sine menn.

Seinare finn vi kvenane igjen i eventyr og sagn - ikkje minst i Qvigstad sine samlingar frå områda våre. Interessant er det også å kunne registrere sagn frå Savolax i Sør-Finland samla inn i Nord-Troms. Det fortel noka om vandringsvegane i gammal tid. Og i tingbökene - som jo er einslags kvardags-rapport frå skygesida i samfunnet - der har kvenane også sett sine spor. Her er nok å minne om Mikkel kven frå Storfjord - som Håvard Dahk Bratrein gav oss eit møte med i årboka 1986. Ein riktig drivanes kar, denne kvenen, på så mange vis!

Så går vi over til 1800-tallet sin forteljekunst - med Bjørnson, Ibsen og Lie. I Bjørnsens beretning frå ei Nord-Norgereise: «En ny ferieart» (1869) - der møter vi kvenen. Ibsens drama «Fruen fra havet» og Jonas Lies roman «Den fremsynte» har begge to kvenen med - men her som nokså sære personar, -omgitt av mystikk. Ei heilt anna framstilling finn vi i Carl Schøyen si bok: «Tre stammers møte». Her hører vi om den kloke, arbeidssame slitaren som forvandler nordnorsk villmark til frodig gardsbruk.

Men så kjem då sjølve «gullguten» i kvensjikane - Arthur Ratche - med «Finsk fare for Finnmark»

(1936). Størstedelen av boka handlar om forhold i Nord-Troms, serleg Skibotn-området, og den upålitelige folkegruppa som det nasjonale Norge hadde der oppe. Boka er å finne på enkelte bibliotek og er svært interessant lesing!

Også i Lars Berg sitt forfatterskap har kvenen fått sin plass. I boka «Dei varme kjeldene» følgjer han ungjuten som etter kvart må komme seg vekk frå heimbygda si - og legg vegen til Nord-Norge. Handlinga fortsetter i boka «Den lange vegen.«

Og dermed er vi framme ved nyare «kvenlitteratur»: Hans Kr. Eriksen med «Vandring i grenseland» og ungdomsromanen «Flukten til havet» - Idar Kristiansen sitt 3-bandsverk «Kornet og fiskene» -Bente Pedersen sine Raija-bøker. På svensk side av grensa finn vi forfattaren Gunnar Kieri - som fortel om sine Tornedals-finnar i bøkene «Var som folk» og «Av dej blir det ingenting» - med framhald i «Jag skall endå inte stanna» - ein saga om undertrykking og trakassering av denne folkegruppa gjennom mange og lange år. Og i gruppa «nyare litteratur» skal vi sjølv sagt også nemne årboka vår - «Menneske og miljø i Nord-Troms», som no gjennom 20 år har fortalt om og frå det multi-etniske samfunnet her oppe hos oss: samar, kvenar, nordmenn i - ikkje alltid like skjønn - forening.

Så til sist: **KVENSK ANTOLOGI** - som er under arbeid, på vegne av Norske Kveners forbund, med støtte frå Norsk-finsk Kulturfond, Norsk Kulturråd og Grunnskolerådet. Det blir ei bok på omlag 150 sider, med stoff av alle slag - frå eventyr og sagn til noveller, utdrag av romaner, dikt - alt som kan vise fram sider av kvenfolkets liv og lagnad gjennom tidene. Omlag $\frac{1}{3}$ av stoffet skal oversettes til finsk, slik at boka kan brukes som tekstsamling til finskundervisninga i skolen.

Redaktøren for dette heiter Reidun Mellem, og boka skal være ferdig tidlig i 1994. Omsettingsarbeidet har vore litt vanskelig å få til, men no er det håp om hjelp frå finskseksjonen ved Universitetet i Tromsø - og då skulle det meste vere klart - slik at enno eit tilskott til kvenfolkets saga kan stige fram.

Nord-Troms Museum med hovedkontor i Sørkjosen, Nordreisa, har avdelingskontorer i Burfjord (Kvænangen), Dreyergården (Skjervøy), Kommunehuset (Kåfjord), Røde Kors Heimen (Lyngen) og Lyngenfjord hotell (Storfjord).